

# KYRKJEKONTAKTEN

NR.2 — 2024 · 50. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM



**Side 2-3:  
Dei gjer alt dei kan - for andre!**



ORDNAR TIL: Torunn og Kåre Jordal blir av mange oppfatta som primus motor for fleire aktivitetar i kyrkjelydshuset, som her på Fredagskaffien.

# Dei stiller alltid opp

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**Ekteparet Torunn og Kåre Jordal er eit godt eksempel på frivillig innsats langt over det ein kan forvente. Kyrkjelydshuset i Alversund er populær base for mange av aktivitetane dei er med på.**

Dei er sentrale i samband med mellom anna Fredagskaffien, kvardagsgudstenestene, Kyrkjeringen og gudstenestelivet i Alversund kyrkje.

Ein kan ramse opp mange fleire engasjement dei to er med på; dugnadsarbeid av ymse slag, basarar, NMS Gjenbruksbutikk i Knarvik, soknerådsarbeid, medliturg, kyrkjevert og mykje anna.

Så spørsmålet er kvifor ofrar dei så mykje av fritida si på alt det kyrkjelege arbeidet?

– Det er nok fleire grunnar til det. Du kan sei det slik at vi tok dåpshandlinga på alvor. Då våre fire born var små, ville vi gje dei ei positiv og meningsfull oppvekst. Eg vart engasjert med søndagsskule og barneforeininga Gnisten i NMS-regi. Og sidan har det eine tatt det andre, fortel Torunn (76), opprinneleg frå Øystese i Hardanger.

## – Fleire kan bli frivillige

Dei fleste i Alversund veit kven Torunn og Kåre er. Paret på Tveiten har gjennom mange år bidratt til at andre skal få kjenne på gode opplevingar, enten det er i kyrkjelydshuset, i kyrkja eller andre stader.

– Det som driv oss, er å sjå kor kjekt ein kan ha det saman

– i eit positivt fellesskap. Og det må seiast at vi slett ikkje er åleine om å få til slike møtestader. Det finst mange gode bidragsytarar både her i bygda og elles, seier Kåre (77), med ein litt beskjeden tone.

Han er sikker på at det er mange som er interesserte i å drive med frivillig arbeid, men at dei kanskje må bli spurde først. Sjølv har han lagsarbeid med seg i bagasjen heilt frå tida han var med på å starte ungdomsklubben i Kvamsvågen på slutten av 70-talet.

– Erfaringa mi er at å melde seg som frivillig, er som å passere ein høg dørstokk. Det er sjeldan ein på eige initiativ tek kontakt og melder si interesse for å bidra. Difor må vi våge å utfordre, spørje og invitere folk med. Då blir svaret nesten alltid ja.

## Eit godt hus å vere i

Kyrkjelydshuset i Alversund er basen for mange aktivitetar i bygda. Torunn og Kåre hugsar godt perioden då det vart jobba for å få reist bygget.

– Sigfred Johansen og Johannes Håland var sentrale pådrivarar for å få bygd huset. For oss er kyrkjelydshuset blitt ein veldig flott – og populær – samlingsstad for diverse ulike arrangement, både i kyrkjeleg regi og elles, til dømes årsmålsdagar og minnestunder etter gravferder, seier Torunn.

Dei meiner begge at kyrkjelydshuset er ein god og trygg stad å vere.

Kvardagsgudstenestene i huset er blitt veldig populære. Der møtest bygdefolk til ei enkel gudsteneste på ein heilt vanlig mandag. Lokale prestar står for liturgien, og salmesongen blir akkompagnert av Rune Landsvik på piano. Etterpå er det kaffi og kaker og gode samtalar.

### Medliturg og kyrkjevert

Torunn har bak seg to periodar som medlem i soknerådet. No er Kåre inne i sin andre periode.

– Kva er drivkrafta bak dette engasjementet?

– Det er flott – og viktig – å få lov til å påverke oppgåvene i kyrkja på lokalt nivå, både når det gjeld organisering, bemanning og økonomi. Soknerådet har eit særst viktig ansvar for korleis vi ønskjer at kyrkjene våre blir brukte. Dersom ein er oppteken av slike spørsmål, er det både spennande og givande å vere med i soknerådet, fortel Kåre.

Han er som oftast kyrkjevert dei gongene Torunn er medliturg i Alversund.

– Får de tid til å vere vanlege gudstenestedeltakarar innimellom alt de driv med?

– Ja, så klart. Vi er ofte på gudsteneste i Knarvik kyrkje når det ikkje er gudsteneste her.

### Sykla frå Paris til Tveiten

– De vart jo kjendisar då lokalpressa skreiv om ein spesiell sykkelstur de gjennomførte gjennom Europa. Kva var årsaka til den turen?

– Vi har alltid sykla mykje saman – både her til lands og elles. Men europaturen starta fordi son vår, Ola Johannes, var sjømannsprest i Paris. I 2016 heldt dei konfirmasjon for eit av borna sine, og vi tenkte: Vi flyg til Paris og så sykklar vi heim igjen. Og det gjorde vi, seier Torunn.

Det blei 200 mil på sykkelsetet frå Paris til Tveiten.

Året etter sykla det spreke ekteparet frå Roma til Paris. Dei har også sykla frå Alicante til Paris.

– Kvifor denne interessa?

– Det er berre så utruleg kjekt å sykle, og spesielt når vi likar det så godt begge to. Du kjem tett på naturen, tett på folk og får opplevingar ein elles aldri ville opplevd.

### – Alle fortener å ha det bra

Av personar som kjenner Torunn og Kåre godt, blir deira innsats for kyrkja, kyrkjelydshuset og kristent arbeid framheva som eineståande. Dei legg ned ein innsats som er langt over det ein kan forvente.

Kåre forklarar kvifor engasjementet er så stort:

– Å bidra for andre, gir oss veldig mykje tilbake. Det trur eg mange andre også føler på. For oss er det fint å få vere med på å tilretteleggje for at flest mogeleg skal få gleda av å møte Jesus – og det gode i livet. Alle fortener å ha det bra. Absolutt alle!



RYDDING: Det har blitt nokre stolløft på Kåre opp gjennom åra.



SERVERER: Torunn i kjent stil. Vaflar på veg.



# Kyrkjelydstur til Alværa

Tekst: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

Foto: Anna Øvretveit Dyrkolbotn

Spente born og vaksne møtte opp på Alværa kyrkje- og misjonscenter i Lavik ein laurdag i april.

Etter ei velkomstsamling med informasjon og litt leik var det klart for laurdagsgraut. Praten og latteren sat laust rundt borda, og etter maten hadde Borghild Sætre laga klart ei lita sporløype på området. Då fekk ein både testa kunnskapen sin om Knarvik kyrkje, og kor god ein var på stylter og til å kasta konglar i ei bøtte.

Nokon gjekk på ein fjelltopp i området, medan borna brukte mykje

tid ved sjøen, der både steinar og kosebamsar vart kasta uti – så nokre foreldre fekk eit noko ufrivillig møte med den kalde Sognefjorden.

Borna hadde ei fin samlingsstund med song og bibelforteljing, etterfulgt av hobbyaktivitetar medan Magne Bjørndal heldt ein god bibeltime for dei vaksne. Laurdag kveld vart det fyrst i grill før det var ei fin kveldssamling som enda med ønskekonsert frå «Treklang»-boka.



Søndag var det skattejakt for borna, støvelkasteturnering, gudsteneste, kyrkjekaffi og lunsj.

## Jubileumsåret 2024

Alt som skjer i kyrkja til dagleg er ein del av jubileumsåret.

I tillegg kjem nokre eigne jubileumsarrangement. Dei får du oversikt over her:

- 14. juni kl. 17:30: Internasjonal sommarfest i Knarvik kyrkje
- 7. - 8. september: Stand i Nordhordlandshallen, under KnarvikMila
- 30. september kl. 18: Markusevangeliet minutt for minutt
- 24. september kl 19:30: Salmekveld med Alversund Kammerkor



- 20. oktober kl. 18: Jubileumskonsert med Knarvik Gospel
- 30. november kl. 12-17: Jubileumslaurdag med familiedag og seminar i Knarvik kyrkje
- 1. desember kl. 11: Festgudsteneste med bursdagsbesøk i Knarvik kyrkje

## KnarvikMila 2024 – ein folkefest kyrkja gler seg til!

Tekst: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn/Synnøve Bjørndal

### Solidaritetsgudsteneste

Søndag 1. september kl. 18.00 arrangerer Knarvik kyrkje og KnarvikMila tradisjonen tru solidaritetsgudsteneste. I år vert temaet: «Menneskeverd i krig og konflikt: Vår lokale historie og notida sett i samanheng.»

Spesialprest, Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn, leiar gudstenesta og har med seg to spanande og engasjerte

gjestar til sofapraten. Kjetil Iden, utanriksreportar for TV2, bur i Knarvik, og har dekkja mange store hendingar verda over. Sidan krigen braut ut har han vore mykje i Ukraina og fortalt viktige historier derfrå til sjåarar i Noreg.

Arnold Matre er avdelingsleiar ved Bjørn West Museet på Matre. Bjørn West-styrkane er våre lokale styrkar som kjempa for Noreg under 2. verdskrig.

Kan me trekkja nokre trådar frå vår felles lokalhistorie og til dagens situasjon? Kva står på spel? Kvifor er det viktig å kjempa for gode verdiar?

### Stand under KnarvikMila

I fjor stod Knarvik sokn på stand i Nordhordlandshallen. Det var ein fargerik stand som fekk vist fram mykje av det som skjer i kyrkjene våre. Det var utruleg kjekt å møte masse folk, sjå born som boltra seg i hinderløypa og dela ut popcorn og kjærlighet på pinne. Knarvik sokn stiller opp i år òg. Ta turen innom standen, 7.-8. september!

# Frå kyrkjebenken

## « Å bygge fellesskap på ein stille måte»

Tekst: Anne Sofie Uthaug, foto. Arve Kjell Uthaug

– *Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden*

Leif fortel: For mange år sidan vart eg litt overraskande spurt av Anne Hilde G. Reigstad om å vere med i dåpsskulen. Seinare vart eg engasjert i julekonsertarbeidet av Arvid Sakseide. Anne vart med på arbeid med kyrkjetekstilane og har brodert lammet i det kvite antipendiet (tekstilen som heng på alteret). Det var veldig kjekt! Leif gjekk lenge på gudstenestene utan Anne, ho fortel at ho ikkje var van med gudstenestegang frå oppveksten. Men dei siste åra har gudstenestene vorte ein god plass å vere for henne også.

Anders Wendel, som var prest her for for ein del år sidan, sa noko i ein tale om gudstenestene som eg aldri har gløymt, fortel Leif: «Andre ser at du er der», og dermed byggjer vi fellesskapet på ein stille måte. Det betyr noko at eg er der som ein del av flokken, berre ved å vere til stades.

– *Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden vår?*

Det er så godt og trygt å vere her, det er så kjekke folk, seier Anne. Dei får begge glede over å sjå gode venner og kjende. Eg treng det, seier Leif, livet er både godt og vanskeleg, då treng vi noko fast og føreseieleg, liturgien, salmesongen, teksten på altarbildet. Då Anne vart sjuk med demens, viste gudstenestene seg å verte enda viktigare. Samtidig er det fint med variasjonen i gudstenesteformer. Det har alltid vore gode prestar her som snakkar folkeleg, men det er ikkje alltid eg får noko ut av det likevel, då er gjerne problemet hos meg, undrar Leif seg på. Det var ei god trøyst i dagens tekst (Johannes 10, 6) at heller ikkje dei som hørte Jesus forstod alt.

*Kva salme syng du gjerne for tida?*

«Må din vei komme deg i møte»(nr 624), er dei samde om. Salmen som vi syng til alle dåpsbarn, gir tårer i augene kvar gong, fortel Leif. Han er også veldig glad i strofa: «Du er alltid mye mer enn vi noen gang forstår.» (Frå salmen Du er hellig, du er hel, nr 287) Salmeskatten er ein veldig rikdom, tenkjer han.



### Anne Synnøve Johnsen, 72 og Leif Johnsen 76.

Bustad: Holmeknappen i Meland

Yrke: pensjonistar, eig og driv Galleri Rustica

*Kva kjenneteikner ein god kyrkjekaffi?*

Gode kaker og kaffi er Anne veldig glad i. Men endå viktigare er at folk pratar saman, og at det blir eit inkluderande fellesskap, slik dei opplever det i Meland. Og det er så kjekt at presten er ein av flokken, så vi kan spørje og kommentere litt det vi har fått høyre, meiner Leif.

**Knarvik  
Blomstestove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomstestove.no](http://www.knarvikblomstestove.no)

 **NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ** Ditt lokale  
gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR  
**deg**


DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund    Havnevegen 31 Frekhaug    Elvavegen 1 Dalekvam

**VATNE**  
begravelsesbyrå 

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

**vatne-byra.no**



# Flyktningar - ein prøve på verdiane våre

Av Arthur Kleiveland

**- Flyktningane vi har mellom oss er ein syretest – ein prøve på evna vår til å leva ut dei grunnleggjande verdiane: Miskunn. Sanning. Rettferd. Fred.**

Slik trekkjer prost Helge Taranrød trådane frå Magnus Lagabøte si Landslov fram til i dag. Han ser ein klar samanheng mellom historiske diakonale og bibelske kjelder og Landslova kong Magnus utforma.

- Kristenretten kom ikkje i mål. Ikkje Landslova heller. Vår generasjon kjem heller ikkje i mål. Men vi gjennomfører vår etappe med å bera vidare desse grunnleggjande verdiane, seier Taranrød.

## Starten på ei ny tid

Ein norsk konge på 1200-talet sette ein ny standard som markerte byrjinga på ei ny tid, med

sterkare menneskelege omsyn og rettsvern for individet. Med Landslova fekk landet ei lov som gjaldt absolutt alle.

Kven er så dei som ikkje sit attmed bordet i vår tid og i vårt samfunn?

- Det er mange som har grunn til å kjenna det slik i dag. Makt og rang spelar ei stor rolle også i vår tid. Men vegen er kort til å tenkja på dei som kjem til oss tomhendte. På flukt. Med ingenting. Med ei bøn om å få søkja ly for ufred og krig. Om å verta teken imot. Som eit menneske. Skapt i Guds bilde. Seier Helge Taranrød.

## Lokale kyrkjelydar på bana

Dei lokale kyrkjelydane er aktive i møte med flyktningane som blir busette i Alver. Kulturkafe i Knarvik og språkkafe på Frekhaug og på mottakssenteret på Radøytunet, og deltaking i gudsteneste-fellesskap, for å nemna noko.

I Radøy er kyrkja mellom fleire i lokalsamfunnet som viser nestekjærleik i praksis for dei som har kome til Radøytunet.

- Kyrkja sitt engasjement i møte med bebuarane på

mottakssenteret er i seg sjølv eit inkluderande fellesskap. Både gjennom møte mellom dei frivillige og bebuarane, på språkkafeen og i kyrkja, der frivillige i kyrkjelyden køyrer bebuarane til og frå gudsteneste, seier diakon Gudveig Kartveit Sundsbø.

Ho ser språkkafeen òg som ein dørøpnar for framtidige fellesskap for menneske som vert busette i kommunar rundt i landet.

- Språk er ein veg for å koma inn i miljøet, og gjennom språkkafeen gjev me kunnskap som bebuarane kan ta med seg. Dei hyggelege møta på språkkafeen og i gudstenestene gjer òg at våre liv vert rikare. Nærværet og møta mellom menneske gjer noko med oss alle, seier Kartveit Sundsbø. Ho legg til at det er god plass til fleire frivillige.

## - Vi kjenner oss velkomne

- Det er fint å vera her, vi har møtt mange flotte folk. Vi set pris på måten vi har blitt tatt imot her. Alle er venlege mot oss, seier Valentyn (26) og Anna (21) frå Kharkiv i Ukraina, to av bebuarane på mottakssenteret på Radøytunet.

Vi møter dei på ei gudsteneste i Manger kyrkje like etter påske. I heimlandet er han programmerar i bank, pluss at han i helgene har undervist i webdesign og spelutvikling. Anna levde av song og undervisning i song, særleg for born.

Dei følgjer godt med på kva som skjer i heimlandet, og får oppdatert informasjon både frå venner og familie, og gjennom media. Valentyn og Anna legg ikkje skjul på at det er tøft å høyra om bombing og store øydeleggingar, skadde og drepne.

- Krigen er ein katastrofe, fastslår dei.

## Formidlar songskatt – og følelsar

Valentyn og Anna er ofte på gudsteneste, og dei er taknemlege for at frivillige i kyrkjelyden køyrer dei og andre på mottaket til og frå kyrkja.

- Vi har mange felles tradisjonar med den norske kyrkja,

seier Valentin. Dei er også med på språkkafeen og har fått venner mellom dei andre på mottaket. Og så likar dei å gå tur i den vakre naturen på Marøy.

Anna studerer også den norske songtradisjonen, og ho formidlar sin eigen songskatt.

- Når eg syng for folk, får eg fortalt om situasjonen heime i Ukraina. Får gje uttrykk for følelsane mine, og samtidig skapa størst mogleg forståing. Songen er viktig for å få fram vår kultur og identitet. Å få syngja gir meg ro og håp, seier ho.

### «Gud var over alt»

Kristenretten som vart innført på Moster i 1024 var forløparen til Landslova. På «Moster 2024» si heimeside kan vi lesa: «Kristenretten var starten på ei omfattande og radikal samfunnsomvelting - «frå maktsamfunn til rettssamfunn» og markerte byrjinga på ei ny tid, med sterkare menneskelege omsyn og rettsvern for individet.»

«Gud var til stades overalt i Bergen på 1200-talet», skriv rettshistorikaren Jørn Øyrehagen Sunde i boka «Kongen, lova og landet» (2023). Magnus skulle egentleg ikkje verta konge. Han vart derfor i utgangspunktet ikkje skulert av dei lærde dominikanarane ute på Holmen i Bergen der far hans, kong Håkon heldt til.

- Magnus fekk derimot utdanninga si blant fransiskanarane. Klosteret låg midt i bykjerna, blant dei fattige, dei sjuke, dei lemlesta og mange fleire.

Fransiskanarane var diakonale i si gjerning. Kanskje var det dei som lærte Magnus om dei 4 guddommelege døtrene i Salme 85,11. Miskunn. Sanning. Rettferd. Fred.

Jørn Øyrehagen Sunde viser til at Magnus inviterte dei som ikkje hadde sete attmed bordet til å delta i samfunnet. Kvinnene, som ikkje hadde eigedomsrett. Dei fattige, som ikkje kunne forsørgja seg sjølve. Dei sjuke, som trong pleie og omsorg.

- Kristenretten og Landslova slo uttrykkeleg fast at alle menneske er skapte i Guds bilde. Alle! Understrekar prost Helge Taranrød.



Frå v.: Gunnar Kartveit, Anna-Kristina Strezhak og Valentyn Zveriev



Språkkafeen: Frå v.: Tetyana Strezhak, Lyudmila Shevchenko og Unni Stray Nordberg.

	<b>EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE</b>	
	Torvhusmyrane 6 Nordhordland Næringspark 5913 Eikangervåg	
	Tlf: 56 34 24 30 E-post: <a href="mailto:post@helland-elektro.no">post@helland-elektro.no</a> <a href="http://www.helland-elektro.no">www.helland-elektro.no</a> Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA	
		



**NAMN:** HÅKON KINSARVIK

**ALDER:** 35

**SIVILSTAND:** Gift med Linda

**JOBB:** Spesialprest i Meland sokn,  
ny jobb som sokneprest i Gulen frå august

**RISOTTO:** Håkon Kinsarvik serverer risotto med asparges og steinsopp, pluss mykje anna snadder inni.

# Håkon er ein gourmetkokk

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

– Eg elsker å lage gode måltid. Og gjerne mange rettar. **Spesialprest i Meland, Håkon Kinsarvik, er vår første prest ut i den nye serien «Presten På Privaten».**

Vi møter Håkon på heimebane i Mjåtveitmarka like ved Frekhaug på Holsnøy. Han geleidar oss inn på kjøkkenet, der han allereie er i gang med dagens middag, som skal

nytast saman med nokre vener som kjem på besøk.

– Kvifor denne interessa for matlaging?

– Eg synest det er kjekt å lage i stand god mat. Mat gir uttrykk for noko fint. Det å skape måltid som gir glede for andre, blir til ei god kjensle for meg også.



Frå informerte kjelder (kona Linda) blir det avslørt at han har invitert til gjestebod der menyen har bestått av opptil 12 rettar.

– Det trur eg har skjedd berre éin gong, parerer Håkon fort, og legg til: Hovudpoenget med gode måltid er jo det sosiale ein opplever saman. Det er trass alt det viktigaste, seier ein litt beskjeden gourmetkokk.

– Kva driv du elles med på fritida?

– Eg må berre først kjøpt legge til interessa mi for vin også. Eit glas utsøkt vin til god mat høyrer unekteleg saman. Eg har stor glede av å diskutere vinsortimentet med personalet når eg er innom Polet.



JORDA RUNDT: Håkon har vore på dei fleste hav i verda, som cruisepassasjer.

For ordens skuld presiserer presten Håkon at dette også gjeld alkoholfri vin.

#### Har vore på 22 cruise

– Men så var det dei andre interessene dine då?

35-åringen løftar blikket frå grytene, tenkjer seg litt om, og seier:

– Både Linda og eg synest det er veldig kjekt å reise på cruise. Eg trur eg har passert 22 cruise, både i Europa og elles i verda.

– Det var då voldsomt. Kvifor denne interessa?

– For det første elsker eg å vere på sjøen. Derest er eg truleg over gjennomsnittet interessert i slike store båtar. Då eg var liten, drømde eg om å bli styrmann på ein cruisebåt, seier Håkon lattermildt.

– Det å vere på sjøen, kaste blikket mot det uendelege, det roar kjenslene. Eg blir aldri lei av å sjå havet, enten det er frå ein båt eller frå ein fjelltopp.

#### Gaustadjellet er favoritten

– Så du er interessert i fjellturar også?

– Ja, det er eg faktisk. Gaustadjellet her på Holsnøy er favoritten. Ekstra irriterande er det imidlertid når eg møter på kollega Bjørn Tore, som uanstrengt spring forbi meg når eg er på veg opp til Eldsfjellet. Han fyk jamvel forbi meg på veg ned igjen også – mens eg framleis er på veg oppover.

– Andre interesser?

– Kunst og kultur. Ei teateroppleving kan gi meg styrke. Ein konsert, ei kunstutstilling eller ei teateroppleving gjer noko med rausheit og nærleiken til livet. Det betyr mykje for meg,

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver**

**Vi utfører:**

- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk • Automatisering • Godkjent for kontroll av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / [www.torsvik.no](http://www.torsvik.no) / [post@torsvik.no](mailto:post@torsvik.no)  
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG



**Bygg Team**   
VEST AS

**Alt innan tømrarfaget!**

# Ny bibel – ei storhending

Tekst og foto: Helge Unneland

**Bibelen er grunnboka for alle kyrkjesamfunn! Det norske Bibelselskap kom i vår med ei ny språkleg revidert utgåve. Forrige gong var i 2011. Språket endrar seg, og den nye utgåva Bibel 2024 har nokre språklege justeringar. Kan hende er det utforminga/ layouten som er den største skilnaden mellom gamle og nye utgåver. Bibelselskapet har satsa stort på ulike nye variantar til ulike målgrupper. Bergen Kristne Bokhandel har heile sortimentet i begge målformer, totalt 34 ulike utgåver!**

## Den viktigaste boka

Bibelen er utan tvil den viktigaste boka i vår kultur! Dyktige forfattarar har vore med i arbeidet med den nye omsetjinga. I samarbeid med fagteologar gjeld å få fram innhaldet i dei gamle tekstane på «godt norsk», slik at dei kan kommunisere med menneske i vår tid.

## Nøkkelforteljingar

Bibelen er grunnboka i vår kultur. For å forstå litteratur- og kunsthistoria treng vi å kjenne til dei viktige nøkkelforteljingane i Bibelen. Kjenner du historia om Josef, Job, den miskunnsame samaritanen, den kloke forvaltaren, den bortkomne sonen – eller hendingane som er opphavet til høgtidene jul, påske og pinse? Oppmodinga er : «Ta og les!» - spesielt i eit år der 1000-årsjubileet for Kristenretten og 750-år for Magnus Lagabøtes Landslov vert markerte.

## Jon Fosse og Sigrid Undset

Jon Fosse vann Nobelprisen i litteratur. Den forrige norske nobelprisvinnaren var Sigrid Undset. Ho sa: «Tid og skikk forandres meget, alt som tiderne lider og menneskenes tro forandres, og de tenker annerledes om mange ting. Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager». Dei er begge inspirerte av Bibelen sine forteljingar.

## Bergen Kristne Bokhandel

Like bak Korskirken i sentrum av byen - der Kong Oscars gate møter Øvre Korskirkealmenning, finn du ein spesialbutikk for kristen litteratur. Her er heile breidda av kristne forlag representerte. I tillegg har ein gåve-artiklar, antikvariat, ikonar og helsingskort til dåp, bryllaup og årsmålsdagar.



Dagleg leiar i Bergen Kristne Bokhandel Nadja Brennsæter med Bibel 2024.

I barne- og ungdomsavdelinga finn ein bøker til hjelp i trusformidlinga.

## Ein spennande driftmodell

Korleis få en «nisjebutikk» til å bli lønsam? Det var spørsmålet etter at fleire kristne bokhandlar i Bergen måtte leggje ned. Svaret var: Tilsett ein dugande person i løna stilling og supplere med 10-15 pensjonistar som har glede av å formidle kristen litteratur. Då «går det rundt», ikkje minst takka vere det gode samarbeidet med kyrkjelydar i Den norske kyrkje som tingar materiell til konfirmantar og elles til trusopplæringa for ulike aldrar.



# KULTURKALENDER

**14. juni**

**Knarvik kyrkje kl.17.30**

Kulturkaféen inviterer til Internasjonal sommarfest.

**16. juni**

**Manger kyrkje kl 17.00**

Sommarkonsert, Radøy damekor

Radøy damekor innbyr til ein nyskapande og spanande sommarkonsert saman med perkusjonsgruppa

«Trommeklang» og dirigent Ann Christin Hoen. På programmet står mellom anna songar av Ola Gjeilo, Anita Skorgan, Karl Jenkins og Billy Joel - akkompagnert av marimba, vibrafone og Trommeklang

**19. juni**

**Meland kyrkje kl. 19.00**

Musikkandakt ved Magnus Blom

**22. juni**

**Manger kyrkje kl 19.00**

Sommarnatt ved orgelet

Organist William Kay innbyr til sommarkonsert i Manger kyrkje.

**27. juni -19. juli:**

**Meland kyrkje torsdag og fredag kl. 12.00-12.30**

Sommarmusikk ved Magnus Blom - når det ikkje er gravferd. (Ta kontakt med Magnus Blom på epost om du ønskjer vekentleg oppdatert informasjon mb297@kyrkja.no, eller følg med på Facebook: Meland kyrkjelyd.)

**17. juli**

**Meland kyrkje kl. 19.00**

Musikkandakt ved Magnus Blom

**14. august**

**Lygra kyrkje kl. 19.00**

KONSERT. Musikalske blick på Aslaug Laastad Lygre og Olav Nygard. Amalie Duesund, fløyte og Rune Alver, piano. Billettar v/ inngangen kr. 200/100, barn gratis.

**28. august**

**Meland kyrkje kl. 19.00**

Musikkandakt ved Magnus Blom

**Rasteplassen kl. 18.00**

Syng seinsommar og haust

Vel møtt til ei ny fellessong-samling på Rasteplassen. William Kay leier oss gjennom kvelden med fokus på salmar og songar for seinsommaren og hausten.

**Manger kyrkje kl. 18.00**

Rasteplassen

**31. august**

**Knarvik kyrkje kl. 18.00**

Frå hav til fjell. MUSIKKTEATER basert på Arne Høyland sine viser. Orkester, kor og solistar. Musikalsk leiar: Jon Martin Skauge. Bill.: Ticketco. Arr.: Nordhordland musikkteater i samarbeid med Knarvikmila.

Olsokstemne på Fjøn Fjellkyrkje måndag 29. juli kl. 19:  
Gudsteneste, rømmegraut, kaffi, åresal.

Neste nummer kjem frå trykkeriet 18.september.  
Frist for å melde frå om arrangement til kulturkalenderen er 16.august.

## Salme for sommaren

Norsk salmebok nr. 840

T 1653 Paul Gerhardt

O 1923 Bernt Støylen

**1** I denne fagre sumarstid  
gå ut, mi sjel, og gled deg  
i vår Herres store under!  
Sjå hagen prydd med blomeseng,  
sjå garden med si grønne eng,  
og skog med li og lundar!

**2** Sjå, kvar ei grein av lauv er full,  
og moldi pryder seg i gull  
og fargar utan like!  
Sjå liljer, roser, blad og blom  
ber større bragd og herlegdom  
enn Salomo den rike.

**3** Høyr, lerka tirlar høgt i sky,  
og staren byggjer reir på ny,  
med gauken gjel i lundar.  
Småfuglar syng i skogen sval,  
og songen fyller fjell og dal  
i stille morgonstunder.

**4** Sjå, åkren veks seg stor og tung  
til fryd for gamal og for ung,  
som om Guds godeik kveder.  
Han pryder vent den vide jord,  
han gåver gjev på kvar manns bord  
og alt som hjarta gleder.

**5** Då tenkjer eg: Er du så stor,  
du venleik her på falne jord,  
for syndarar å finna,  
kor stor skal gleda verta då  
når vi den herlegdom får sjå  
som vi hjå Gud skal vinna!

**6** Ja, var eg der og stod eg nær  
ved trona di, min Herre kjær,  
og bar eg mine palmar!  
Eg ville då på englevis  
deg syngja evig lov og pris  
med tusen fagre salmar.



# Barnas



## Prikk til prikk



## Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:  
 – Kvifor er det så mørkt her?  
 – Fordi pæra har gått.

Har du høyrte om høna som hadde fått feber?  
 Ho la berre kokte egg.

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn 10 språk

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B

## Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



# Fridde på julekvelden i 2019 no blir det juli-bryllaup

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

Etter at korona-pandemien sette ein stoppar for bryllaupsplanane i 2020, skal kyrkjeklokkene i sommar ringa for Katrine Iveland Thomassen (31) og Alexander Bakken Hellesøy (40) i Alversund kyrkje 27. juli.

Dei forlova seg på sjølvaste julafta i 2019. Katrine hadde insistert på at ho ikkje ville ha julepresang denne jula, så då tenkte Alexander at eit frieri måtte vera eit svært godt alternativ. Han følgde tradisjonsrik oppskrift og ringde svigerfaren tre dagar før jul for å få hans ja.

Katrine visste ingen ting om frieriet, men Alexander hadde klekt ut ein plan. Dei to sønene han har frå før, Lucas og Jonas, hadde gitt uttrykk for at det måtte skje noko snart, og dei vart involverte i opplegget. Den vordande brudgommen skreiv eit manus som han fordelte i fire konvoluttar.

## ”Dette var hyggeleg. JA”

Først opna gutane sine konvoluttar og las sine strofer, så var det Alexander sin tur – der han spurde om Katrine ville gifta seg med han. Og då Katrine opna sin konvolutt, følgde ho manus, der det stod ”Dette var jo hyggeleg. JA”.

– Eg hadde jo ein god følelse av at svaret ville bli ja, smiler 41-åringen. Og Katrine supplerer:

– Vi hadde jo snakka om å gifta oss, og hadde visst ganske lenge at det skulle bli oss to.

Så slo korona-pandemien til, og bryllaupsplanane vart lagde på is.

Tidleg i fjor haust fann Katrine og Alexander ut at det var på tide å henta fram bryllaupsplanane igjen. I mellomtida har dei bore vesle Sebastian til dåpen i Lygra kyrkje. Han er no 13 månader. Dei legg opp til ei ikkje altfor formell, men samtidig tradisjonell bryllaupsfeiring. Dei seier det var enkelt å velja kyrkjebryllaup.

– For oss er kyrkja den heilt naturlege staden for dei store dagane i livet, seier paret.

## Vasslekkasje x 2

Det er ikkje berre korona-pandemien som har skapt utfordringar for Katrine og Alexander sine bryllaupsplanar. To gongar har underetasjen vorte ramma av vasslekkasje.

– No satsar vi på at det er nok. Vi har planar om å bu lenge her, seier dei.

– Vi trivst godt i Knarvik, og fint med så kort veg til hurtigbåten, seier Katrine, som jobbar som politiadvokat i Bergen sentrum. Alexander er salssjef innanfor shipping, med ein del reising utanfor landegrensene.



Katrine og Alexander gler seg til sommar og bryllaup, saman med familie og vener.

## Det første kyss

For kyrkjebladet sine lesarar røpar dei det første kysset på ein «tidleg date», der jusstudenten Katrine skulle forklara erstatningsrett, og som eksempel trekte ho fram skadane ein gesims kunne valda om den ramlar ned.

– Eg kikka på gesimsen vi stod og såg på, og trur du ikkje ho smaug seg eit steg mot meg og gav meg eit kyss. Om kysset vart gjengjeldt, heilt klart, ler Alexander.

Bryllaupsfesten skal haldast i eit ombyggt garveri på ytre Fosse. Dei håpar sjølvsagt på fint sommarver, med utsyn over Alverstraumen, som ei fin ramme også for gode bryllaupsfoto-motiv.

## – Ønsker fleire ”ja” i kyrkja

– Bryllaup er kjærleikens fest. Lite er så vakkert som to menneske som lovar å elska og æra kvarandre, og halda saman i gode og vonde dagar, seier sokneprest Cathrine Grutle.

Dei siste ti åra har tala på bryllaup i Knarvik sokn variert mykje, frå 8 til 25 årleg. Grutle vil veldig gjerne at fleire seier ja til kvarandre i kyrkja.

– I Knarvik sokn vil vi leggja til rette for at brudeparet skal få feira dagen på den måten som dei drøymmer om, seier ho.

– Nokon vil ha ein høgtideleg fest, medan andre giftar seg på sokkelesten i basketsko på ein kvardag. Løftet, kjærleiken, forpliktinga og velsigninga er like viktige, seier soknepresten.

# Slekters gang

## Knarvik

### Døypte

04.02.24 Theon Vattøy-Wergeland  
04.02.24 Elias Sognnes Norheim  
18.02.24 Ellinor Nesse-Pedersen  
18.02.24 Sofia Valentina Leite Rojas  
25.02.24 Mathias Ynnesdal Løland  
25.02.24 Ida Hjelmtveit Nakken  
03.03.24 Jenny Andersen  
17.03.24 Aron Søvik  
24.03.24 Dennis Moe Andreassen  
24.03.24 Nils Ivar Jumao-As Kleiven  
07.04.24 Otto Tolleshaug  
07.04.24 Steffanie Hammer-Gundersen  
21.04.24 Elias Daae Hauso

### Døde

15.02.24 Randi May Albrechtsen f. 1946  
24.02.24 Reidun Furelid f. 1947  
28.02.24 Bjarne Kåre Jordal f. 1931  
18.03.24 Amanda Konglevoll f. 1920  
21.03.24 Marit Irene N Haugland f. 1944

## Alversund

### Døypte

28.04.24 Maria Isabell Mjåtvedt  
28.04.24 Margun Kolbeinsen Rognaldsen  
28.04.24 Johannes Bauge Risa

### Døde

31.01.24 Arvid Johannesen f. 1943  
09.02.24 Gunnar Andreas Didriksen f. 1935  
15.02.24 Harald Dag Krüger f. 1945  
21.02.24 Ester Røssevold f. 1938  
24.02.24 Borgny Telstø Kvamme f. 1935  
03.03.24 Hjørdis Konstanse Haugland f. 1935  
25.03.24 Borghild Gjertsen f. 1945  
02.04.24 Berit Kartveit Hjørnevik f. 1940  
11.04.24 Dagny Rongevær f. 1932  
17.04.24 Konrad Alfred Ulvatn f. 1935

## Seim

### Døypte

14.04.24 Noah Spurkeland Dyrhovden  
21.04.24 Emma Moe Vetvik

### Døde

14.03.24 Åsta Bongom f. 1941

## Lygra

### Døde

10.02.24 Anna Hopland f. 1933  
13.03.24 Kjell Hopland f. 1933



Som konfirmant i Knarvik sokn (Alversund, Seim, Lygra og Knarvik), kan du m.a. velja å vera friluftskonfirmant. Då får du ha litt av undervisninga ute, læra å brenna bål og fleire ting. Her er bilete frå leiren 2024.

## Født i 2010? Velkomen som konfirmant i kyrkja!

Tekst og foto: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

I konfirmantåret får du moglegheit til å verta enno betre kjend med deg sjølv, andre på din eigen alder og med Gud. Me lærer om kristen tru og tradisjon, me snakkar om viktige tema i livet, me leikar og har det kjekt og reiser på leir saman.

Du kan velja mellom tre grupper: Idrettskonfirmant, Friluftskonfirmant eller Q&A-konfirmant (samtaler, diskusjonar m.m.).

Du finn påmelding og mykje informasjon på [www.kyrkja.no/knarvik](http://www.kyrkja.no/knarvik) - trykk på «Konfirmant».

### Trekningsliste Basar for Alversund kyrkjelydshus 17. februar

1. Sykkel · Bente Sundsbø 2. Strikka pledd · Marit Opsal 3. Strikka pledd · Torill Skeie Tveiten 4. Saueskinn · Gerd Valdernesnes 5. Sodastream · Magnus Åmli 6. Lykt · Odny Kvamme 7. Fiskestang · Sissel Helgesen 8. Villmarksgenser Dame · Else Liv Hagesæther 9. Villmarksgenser Herre · Oline Midtgård Nygård 10. Dokke m garderobe og vogn · Silje Glatved Prah Myrvold 11. Selbuvotter og sokker · Nina Fiske 12. Hardangersaum løper /duk · Berit Kyrkjerud 13. Sorbet Jakke Cardigan · Kristoffer Møvik 14. Ein sekk med bøkeved · Lydia Aase 15. Ullpledd · Åge Palmesen 16. Gabben - poleringsvask · Synnøve Øpstebø Flatøy 17. Amfi Knarvik - Gavekort kr 400,- · Tor Fjellveit 18. Alver Hotel - søndagskoldtbord 2 pers. · Marit Synnevåg Leknes 19. Gavekort hjå kiropraktor · Liv Sælø Næss 20. Dekkhuset - dekkskift · Anne Margrethe Sæbø 21. Genser Dame · Eivind Blindheim 22. Hekla Juleløpar · Ingeborg Kartveit 23. Juleduk · Jannicke Krüger 24. Barnegensar · Marit Midtgård 25. Damegensar · Britt M. Nordheim 26. Stripete gensar · Joel Z. Ølberg 27. Fotball · Ylva Be Gaistad 28. Vedsekk · Kate Hopland

**Seimstrand as**

5912 SEIM - tlf. 56 35 79 00 - fax 56 35 79 15



**Nordhordland Elektro**

Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø  
Tlf.: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no

elektrikerkjeden

norgeseliten

Den tryggeste · sikraste

**DEKKHUSET AS**

# Tankestrek

Av Cathrine Grutle

Jeg har lyst til å starte med en Ode fra Trygve Skaug.

Dette er en ode til de gutta  
og de jentene som måtte gi tapt  
i kampen mot mørket  
for det var fine folk  
de der helt fremst i frontlinjen  
så ble det for mørkt der  
og det er for dem vi skal sloss  
med lysbrytere festet til knokene  
for vi kan ikke ha det sånn  
at svarte natta bare kan valse rundt  
og ta for seg

Vi har alle en fysisk og en psykisk helse. Den fysiske helsa handler om hvordan kroppen din har det. Den psykiske helsa handler om tankene og følelsene dine og hvordan du har det i hverdagen. Begge deler henger sammen, men det er helt klart lettere å forholde seg til det første. «Det hadde vært så mye lettere å bare brette beinet, da ville jo alle skjønne hva som var galt,» sier mange.

Mørke tanker og følelser som ikke synes på utsiden er det mye vanskeligere å snakke om. Likevel vil de aller fleste av oss møte denne type utfordring gjennom livet. Kanskje hos en selv eller noen vi bryr oss om. Når det er som mørkest trenger vi mennesker som bryr seg. Som spør: «Hvordan har du det i dag?» Og som tåler å høre noe annet enn: «Joda, det går greit».

Vet du om noen som trenger å bli spurt?



Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig.

Gi din gave på **vipps 13130**

En ferie å glede seg til

Blå Kors



**Cathrine Grutle**  
Sokneprest  
cg836@kirken.no



**Tone Marit Øvretveit Dyrkolbott**  
Spesialprest  
td663@kyrkja.no



**Odd Leif Mjøs**  
Kantor  
om623@kyrkja.no



**Nina Jenny Tresvik Monstad**  
Kateket  
nm853@kyrkja.no



## DEN NORSKE KYRKJA

**Kyrkjekontakten:**  
**Knarvik kyrkjekontor**

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

**Åpningstid:**  
Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

**Tlf.:** 400 01 691

alle kvardagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø  
post.knarvik@kyrkja.no

www.kyrkja.no/knarvik

**Facebooksider:**

Knarvik kyrkje  
Seim kyrkje  
Lygra kyrkje

**Kontonummer:** 3633 67 39882

**Vipps:** 517310

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

**Alver kyrkjelege fellesråd**

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace  
jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellesrådet:** Sølvi Knudsen

**Soknerådsleiar:**  
Hildur Løkken Lillestøl

**Kyrkjekontakten**

**Utgevar:** Knarvik sokn, i samarbeid med Meland sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Øystein Skauge

**Lokal redaksjon:** Arthur Kleiveland, Håkon Glatved-Prahl, Synnøve Bjørndal

**Grafisk design:** Simen Søvik

**Trykk:** Aksell

**Framsidedeilete:** Torunn og Kåre Jordal. Foto: Håkon Glatved-Prahl.



**Helge Taranød**  
Prost  
ht759@kirken.no



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjeverje  
jw734@kyrkja.no



**Magne Bjørndal**  
Seniorprest  
mb578@kyrkja.no



**Synnøve Bjørndal**  
Dagleg leiar  
sb876@kyrkja.no



**Eirun Bjtveit Fonneland**  
Kyrkjelydspedagog  
ef882@kyrkja.no



**Bjørn Furukawa**  
Kyrkjetenar  
bf982@kyrkja.no



# GUDSTENESTEKALENDER

## Knarvik

### 16. juni

4. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 Dåp. Nattverd.

### 23. juni

5. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn. Dåp. Nattverd.

### 7. juli

7. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn. Dåp. Nattverd.

### 21. juli

9. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd.

### 4. august

11. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.  
Nattverd.

### 18. august

13. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Helge Taranrød. Dåp.  
Nattverd.

### 1. september

15. søndag i treeiningstida  
Kl. 18 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Solidaritetsgudsteneste.  
Tema: «Menneskeverd i

krig og konflikt: Vår lokale  
historie og notida sett i  
sammenheng.» Gjestar: Kjetil  
Iden, utanriksreportar i TV2,  
og Arnold Matre, dagleg  
leiar ved Bjørn West Museet.

### 15. september

17. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn. Internasjonal  
storfamiliegudsteneste.  
Hausttakkefest. Nattverd.

### 22. september

18. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd. Søndagsskole.  
Konfirmantpresentasjon.

### 29. september

19. søndag i treeiningstida  
Kl. 19 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Kveldsgudsteneste.  
Nattverd.

## Seim

### 9. juni

3. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 Friluftsgudsteneste på  
Håkonshaugen v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn og  
Nina Jenny Monstad. Dåp.  
Viss regn vert gudstenesta i  
kyrkja.

### 14. juli

8. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd.

### 11. august

12. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.

### 8. september

16. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Konfirmantpresentasjon.

Mandag 29.juli kl. 1900  
**OLSOKFEIRING PÅ FJON FJELLKYRKJE**  
Gudsteneste.  
Sal av rømmegrout og kaffimat.  
Åresal

### KVARDAGSGUDSTENESTER i Alversund kyrkjelydshus:

- Måndag 9. september kl. 14. Kyrkjekaffi.  
Tur – «Kyrkjegang» kl. 12:30.

## Alversund

### 30. juni

6. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn. Dåp.

### 28. juli

10. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.

### 25. august

Vingardssundagen  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Konfirmantpresentasjon.

### 29. september

19. søndag i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.